



Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG


Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 81/4 Risøy - tilbygg til hytte - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 25.03.20. Saka gjeld søknad om forlenging av hytte med 5 m i 7,7 m breidde = 38,5 m<sup>2</sup> tilbygg. Eksisterande hytte er ca. 50 m<sup>2</sup> og ligg på ein holme på om lag 2,4 dekar.

Eigedomen er i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden sin arealdel definert som LNF. Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet og byggeforbodet i strandsona etter pbl § 1-8 .



### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i



kommunedelplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Strandsona og sjøen i dette området er registrert som eit svært viktig friluftsområdet. I skildringa av friluftsområdet står det mellom anna:

*«Det er eit svært spesielt landskap med mange småholmar, tronge sund, straumer, holmer og øyer som gjer områder flott for bruk av kajakk eller kano. Det er mange fine padleruter.»*

Hytta som står der i dag er ikkje veldig stor, og det vil den heller ikkje vere om det vert gjeve løyve til tilbygget. Tilbygget vil likevel føre til at bygningsmassen vil bli vesentleg større enn den er i dag. Kommunen må vurdere verknad av tiltaket på landskap og auka privatisering av området. Fylkesmannen si vurdering er at sidan dette er eit område med få inngrep i naturen og store friluftsinnteresser, må ein vere svært restriktiv med nye tiltak i dette området. Vi vurderer strandsona her til å ha særleg stor verdi, og sjølv mindre tiltak vil kunne påverke strandsoneverdiane negativt.

Fylkesmannen er kritisk til dispensasjon i denne saka og ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*